2019: Det er lenge sidan Reidar Borgstrøm flytta frå Odda, men han kallar seg odding og er ofte heime. I oppveksten budde han i Opheimsgato, rett ved rådhuset og biblioteket FOTO: KRISTIN EIDE

PROFESSOREN LA GRUNNLAGET I ODDA

Snart 60 år etter at Reidar Borgstrøm flytta for å studera reknar han seg framleis som odding. Samstundes trivest 76-åringen så godt på universitetet at han framleis har kontor der.

KRISTIN EIDE
kristin.eide@hardangar-folkeblad.no

REIDAR BORGSTRØM vart fødd under andre verdskrig, og det første året budde familien på Sandvin. Faren var skiftarbeidar på Zinken, og dermed flytta familien etter kvart til Odda.

- Dei fyrste fem åra eg gjekk på folkeskulen budde vi på Egne Hjem, og deretter i Opheimsgato, rett ved rådhuset og biblioteket. På Egne Hjem var vi ein gutegjeng anført av Edvard Leonhardsen som var sterkt opptekne av natur og biologi, fortel Borgstrøm til Hardanger Folkeblad.

Gutane hadde egg- og fjørsamlingar, og undersøkte til dømes gulpebollar frå ugler for å sjå kva dei hadde ete. Borgstrøm og kameratane frå Egne Hjem var og med i KFUM-speidarane på denne tida.

- Her fekk vi òg inn mykje naturkunnskap, og eg trur nok eg kan seie at denne ungdomstida på Egne Hjem og i speidaren har sett varige spor hos meg, og prega seinare livsløp. Heilt frå fyrste til sjuande klasse på folkeskulen, og seinare på realskulen og gymnaset, hadde eg gode lærarar som nok var med på å forma mine akademiske interesser, rosar professoren.

I 1965 starta Borgstrøm på hovudfag i parasitologi, og på den tida ville ordfør-ar Indrebø at han skulle koma attende til Odda for å ta seg av naturfaglege spørsmål i kommunen ved sida av å vera lektor på gymnaset. Slik vart det ikkje, for Borgstrøm fekk ein amanuensis stilling ved Zoologisk museum i Oslo, og seinare hamna han på Noregs landbrukshøgskule, som no har namnet Noregs miljø- og biovitskaplege universitet.

- Her har eg likt meg så godt at sjølv om eg har vore pensjonist i ni år, har eg framleis kontor og arbeidsplass på instituttet. Det vert enno litt forelesingar, litt internasjonal publisering, skriving av artiklar i ulike norske tidsskrift, og avisinnlegg om tema som engasjerer meg, summerer den spreke 76-åringen.

Framleis kjem han til Odda jamleg, og han reknar seg som odding. Kanskje hamnar oska etter han i Odda, men det er for tidleg å avgjera dette.

Sjølv om Borgstrøm ser på seg sjølv som odding vil han vera forsiktig med å meina noko om dei viktigaste sakene for nye Ullensvang kommune.

- Eg var ingen tilhengar av kommunesamanslåinga, og er framleis skeptisk, fordi eg ikkje trur det er så mykje å vinna, men når kommunen no vert ein realitet må det satsast maksimalt på å få alle, ikkje minst utkantane i den nye kommunen, godt integrert. Eg har fleire gonger notert meg at Røldal ikkje har vore heilt nøgd med prioriteringar gjort av Odda kommune, og det vil vera heilt naudsynt at det nye kommunestyret og administrasjonen legg stor vekt på å gje gode skuletilbod, tilby gode lækjar- og sosialtenester, eldretenester, og tilrettelegging for idrettsutfalding, med meir i dei ulike delane av kommunen.

HAN TREKK og fram folketal og kampen for Odda sjukehus som utfordringar for framtida. Fødselstalet er no ein tredel av det var på 1920-talet, og mange kjem ikkje attende etter utdanning.

- Skal denne trenden verta snudd, må det skapast fleire arbeidsplassar der det trengst folk med høgre utdanning. Eg er sjølv eit døme på ein slik 'utvandrar', og har litt dårleg samvit for det.

Samstundes har professoren via mykje av tida si til særskild fjellauren i heimtraktene. Delar av forskinga har vore utført i vatna kring Litlos på Hardangervidda, og framleis skriv Borgstrøm rapportar til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning, i tillegg til ulike publikasjonar om fiskebestandane på Hardangervidda.

- I dei siste åra har eg gått inn frå Valldalen til Litlos 3-4 gonger kvar sommar og haust, og samla tal overnattingar på Litlos turisthytta svarar til langt meir enn eitt år av livet mitt, så det kan tyda på at eg har likt meg svært så godt der inne.

VILLREIN OG rypa har og engasjert Borgstrøm, som sjølv slutta å gå på rypejakt kring Litlos då det var lite rypa kring 2007. I fjor jakta han rypa på statsalmenninga i Nore og Uvdal, og vart positivt overraska over mengda,

- Eg ser ingen negative tendensar for fisk og dyrelivet på Hardangervidda, med eit unntak, trugsmålet som skrantesjuka (CWD) representerer for villreinen. Førebels er denne alvorlege sjukdomen ikkje påvist på rein andre stader enn i Nordfjella, der heile bestanden vart skoten ned for å hindra vidare spreiing.

Professoren engasjerte seg sterkt i villreinforvaltinga på byrjinga av 2000-talet, då det vart skrive ut altfor mange løyve i forhold til bestandsstorleiken. Han meiner at vi oppe i ein liknande sak, med altfor mange fellingsløyve, og det kun på eldre bukkar, etter krav frå Mattilsynet.

- Mattilsynet sitt mål er å få felt dei fleste eldre bukkane alt i haust, og det frå ein bestand som truleg ikkje talde meir enn omlag 6800 dyr før kalving i mai. Og nota bene, fellingsvedtaket er gjort trass i at det ikkje ein gong er mistanke om skrantesjuke dyr i bestanden på Hardangervidda. Eg er heilt einig med fjellstyra i mellom anna Odda og Røldal som har protestert mot vedtaket om å skriva ut 6000 fellingsløyve på eldre bukkar i haust. Eg sluttar meg dessutan fullt ut til dei grunneigarane, fjellstyrerepresentantane, og jegrane, som saman med villreinforskar Eigil Reimers og tidlegare direktør i Direktoratet for Naturforvaltning, Stein Lier-Hansen, også åtvara mot dette vedtaket. Dei var sterkt uroa for at villreinstamma på Hardangervidda kunne bli rasert om dette vart gjennomført. Uttaket burde i staden gjerast som del av ordinær jakt over fleire år. Det er difor å vona at protestane vert tekne til fylgje, kommenterer han.

BORGSTRØM UNDERSTREKAR at han er for lokal forvaltning, som ein til dømes har gjennom fjellstyra. Han har ikkje vore politisk aktiv, men har i snart 30 år vore med i både lokallaget til Ås og Frogn Nei til EU og ikkje minst i Ås mållag.

I ungdommen var han innom AUF i Odda, men det vart ikkje noko medlemskap. Likevel er det ikkje tvil om at oppveksten har prega den anerkjende professoren, som synest det var ein god stad å veksa opp på femtitalet.

- Industrien stod sterkt, og kommunen var i vekst, både økonomisk og folketalsmessig. Ikkje minst vi som var unge den gongen fekk glede og nytte av dette, med mellom anna nytt rådhus med eit av landets beste bibliotek og bibliotekar, ny vidaregåande skule på Eidesmoen, nytt sjukehus m.m. Idretten stod og sterkt i denne tida.